
Fra: Olav Bjørn Lygre <olav.bjorn.lygre@gmail.com>
Sendt: tirsdag 21. august 2018 21:43
Til: Postmottak Lindås
Emne: Sak: 18/1541: Ulovlighetsoppfølging GBNR 58/81 Lygre indre -
mogeleg ulovleg tiltak - klage på tiltak
Vedlegg: vannklosett_lurevegen_1482.PNG; lurevegen_1482_grenser.png

Dykkar referanse: Arkivsak:18/1541

Sakshandsamar: Siril Therese Sylta

Tittel: Ulovlighetsoppfølging GBNR 58/81 Lygre indre - mogeleg ulovleg tiltak - klage på tiltak

Takk for utfyllande svar.

Me har følgande klager på desse tiltaka:

Altanen - me vil klage på denne utifrå fylgande:

- Det er ikkje innhenta nabosamtykke til at den skal byggast nærare enn 1 m fra nabogrense
- Det er ikkje innhenta nabosamtykke til at den skal byggast eit stykke inn på naboeigedommen
- Den er ikkje brannsikra iht. regelverket, og eventuell naboerklæring på tillatelse til manglende brannsikring på dette er heller ikkje innhenta. Nesten heile altanen ligger innanfor 4 m fra nabogrense.

- Nabogrense mot kaien følger husveggen i nordvest mot kaien og ikkje slik det viser på eigedomskarta som viser grensene 4-5 m ute på kaien/nord for denne veggen, så dette tiltaket ligg i og over nabogrensa. Grensene framgår av grunnboka.

- Me ser her at kommunen sikkert ikkje hatt oversikt over dei verkelege grensene, men tiltakshavar har visst godt kvar grensene er og skulle ha opplyst om dette så denne må ikkje oppfattast som ein klage på kommunen si sakshandsaming.

Dette er et forhold som kom opp no når det skal søkjast om å setje opp igjen kaiskuret på kaien, og me vil be kommunen å setja i verk påkrevde tiltak for å få altanen i lovlege former.

Dei to nye dørene nede på meieriet - me vil klage på desse utifrå fylgande:

Dette er tillete av kommunen som tiltak uten søknad, men nødvendige krav er ikkje oppfylte for å tillate dette:

Iht. reglene som står på Lindås kommune sine nettsider

(<https://www.lindas.kommune.no/fasadeendring.429586.nn.html>) når det gjeld fasadeendringar

sitat:

"Du må søke med hjelp fra fagfolk dersom

- du gjer inngrep i brannveggar eller andre brannsikre bygningsdelar
- tiltaket er nærare enn 4 meter frå nabogrensa
- krava til lys, rømming eller brannsikkerhet ikkje blir oppfylt"

Alle dei tre punkt over er her relevant.

-Det er ein betongvegg som ligg i nabogrense (yttervegg er grense mot nabo) som er erstatta med tredører (det var ei lita dør der fra før (vinduet var demontert/sperra), nå er det bredde godt over 2 m, desse dørare er ikkje brannsikra, og eventuell naboerklæring på tillatelse til manglende brannsikring på dette er heller ikkje innhenta.

- Dørene slår inn på naboeiendommen uten at dette er avklart med nabo. Tidlegare dør slo innover i bygget.
- Iht. granneloven paragraf 4 skal det være ikkje være dørar nærare enn 1,25 m til nabogrense.
- Rommet innanfor er tatt i bruk som garasje uten at nødvendige tillatelse fra nabo til å bruke kaien som innkjøring er avklart. Heller ikkje bruksendring er det søkt om.
- Nabogrense mot kaien følger husveggen i nordvest mot kaien og ikkje slik det viser på eigedomskarta som viser grensene 4-5 m ute på kaien/nord for denne veggen, så dette tiltaket ligg i nabogrensa. Grensene framgår av grunnboka.
- Me ser her at kommunen sikkert ikkje hatt oversikt over dei verkelege grensene, men tiltakshavar har visst godt kvar grensene er og skulle ha opplyst om dette så denne må ikkje oppfattast som ein klage på kommunen si sakshandsaming.

Dette er et forhold som kom opp no når det skal søkjast om å setje opp igjen kaiskuret på kaien, og me vil be kommunen å setja i vert påkrevede tiltak får å få dette tiltaket inn i lovlege former.

Ikkje godkjent avløp - me vil klage på denne utifrå fylgande:

Vannklosett er installert, men me veit ikkje kva tid, men det mange år sidan utedoen var i bruk.

Vedlagt bilete av dette (bilde tatt av melger ifbm. salg av meieriet i 2016), fullt prospekt kan ettersendast.

No går kloakken urensa rett ut i vågen som blir brukt både til fising og bading.

Me vil be kommunen ileggja umiddelbart bruksforbud på sanitæranlegget inntil dette er utbetra.

Vedlagt bilete av installert vannklosett samt bilete som viser kvar den verkelege grensa mot kaien går i rødt og dei grensene som viser på karta i kvitt.

Ta kontakt om de treng meir informasjon.

For Lygra Kai- og Grunneigarlag
Olav Bjørn Lygre